

ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2013



***Øvste Tverrelvbrua restaurert!**

Sommaren 2013 vart Tverrelvbrua på Postvegen restaurert av kyndige folk.

Det var Statens vegvesen som stilte med ekspertisen, og arbeidet gjekk svært så fort unna. No kan ein trygt passere elva, sjølv om den mellombelse trebrua er fjerna.



Kveldsete



Frå hausten 2013 har vi hatt kveldsetene våre på Kyrkjetoget. Her frå samlinga 4/12 2013
Oksvikstemne

.



"Oksvikstemne" ved turisthytta (1920-1930)

Fotograf: Ukjend

Eigar: Geir Aure



ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2013

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta i 1985. Dato for skipingsmøtet var 16. april 1985.

§1 i laget sine lover lyder:

Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.

Dette kan gjerast ved:

a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfa

c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.

ÅRSMØTET i Ørskog Historielag vart halde på Ørskog folkebibliotek 5. mars 2013.

21 personar var til stades.

Årsmeldinga for 2012 og rekneskapen for 2012 vart godkjende utan merknader.

Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda.

Valnemnd var: Karen Simonnes Aanes, Einar Landmark og Egil Vestre.

Årsmøtet drøfta Paktarhuset si framtid. Styret skal arbeide vidare med denne saka med sikte på å ta vare på huset som ein kulturhistorisk verdi i tillegg til eige bruk.

Arbeidsoppgåver for år 2013 vart drøfta og ulike prosjekt vart prioriterte.

Årspengane for år 2014 vart uendra frå 2013 - 250 kr.

Etter vala på årsmøtet og seinare konstituering, har styret vore samansett slik:

Styret:

- | | |
|----------------------------|--|
| - Grethe Leikny Gjerde | leiar |
| - Petter Sjøholt | nestleiar |
| - Ragnar Bakken | skrivar |
| - Ann Kristin Haddal Amdam | kasserar |
| - Jarle Erstad | styremedlem |
| - Egil Vestre | 1.varamedlem – har møtt fast på styremøta. |
| - Eldbjørg Braute | 2.varamedlem |
| - Kristin Torine Amdam | 3.varamedlem |

Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:

- Teknisk utval: 5 medlemmer – leiar Steinar Leganger.
- Skriftnemnd: 6 medlemmer – leiar Grethe Leikny Gjerde.
- Aktivitets/museumsnemnd: 4 medlemmer – leiar Ove Eide.

- Husstyre: 4 medlemmer - leiar Arve Ørskog.
- I 2001 vart det vedteke retningslinjer for arbeidet i dei fire nemndene ovanfor.
- Fotoregrering: 4 medlemmer – leiar Ole Øystein Nybø.
- Kalenderkomite for 2014: Ingen val frå laget dette året.
- Nemnd for Postvegen: 4 medlemmer – leiar Jan Lande.
- Revisorar: Kolbjørn Gjære – Olav Kjetil Sjøholt.
- Valnemnd for 2013: Åse Karin Gjære (leiar) – Karen Simonnes Aanes - Egil Vestre.

Styret har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt sju (7) møte:

20. mars – 16. april - 4. juni – 18. juni - 8. oktober – 28. november - 29. januar.

Styret har handsama 48 (32) protokollerte saker.

Medlemstalet i 2013: 231 inkl. tre verksemder – jf. årsskriftet for 2013.

Dette er ein netto auke på 21 frå 2012.

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 20. mars 2013 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedtekne. Sju personar var til stades på møtet.

Frå styreprotokollen tek vi med i stikkords form dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering av oppgåvene.
- ✓ Ørskogdagane – førebuing av deltaking – eigen stand 25. mai 2013.
- ✓ Kveldsetene – oppsett av tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring – endra møtestad.
- ✓ Paktarhuset – drøftingar etter diskusjonen og vedtaket på årsmøtet.
- ✓ Paktarhuset – måling – vedlikehaldsarbeid – dugnad m.m.
- ✓ Bygdevandring – Vaksvik/Viset 9. juni 2013. Planlegging av vandring 2014.
- ✓ Medlemsverving.
- ✓ Nettsida Ørskog historielag.
- ✓ Opprusting av Postvegen – tilskot – framdrift m.m. Orienteringar – planlegging.
- ✓ Postveg marsjen 2013 - 8. sept. Førearbeid – gjennomføring.
- ✓ Kulturminnedag – samarbeid med Ørskog bygdekvinne lag og Ørskog kommune. Om arrangement på Samfunnshuset 8. sept. 2013. Tema: «Historiens **kvinner** og menn.»
- ✓ Eige møte med husstyret vedk. oppgåver knytta til Paktarhuset.
- ✓ Reguleringsplan Rysselia.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank (5.000) og Ørskog kommune (10.000). Jf. rekneskap 2012.
- ✓ Sikring av malmgruvane. Ove Eide m/hjelparar har sluttført arbeidet.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
- ✓ Arbeidet i nemndene – rapportar – sammøte.
- ✓ Framtida til Paktarhuset. Eiga sak på årsmøtet i mars 2014.
- ✓ Ørskogkalenderen – framtid! Ingen kalender i 2014.
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ Øvste Tverrelvbrua – restaurering. Sjå heimesida.
- ✓ Førebuing av årsmøtet 2014.

Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemnder og utval – der vi tek med:

- ✓ Årsskriftet for 2013 og 2014.
- ✓ Fotoregreringsarbeidet – avskrift kyrkjebøkene – registrering av gamle bilete.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Ny bru Tverrelva er på plass. Tilskot. Dugnad.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid. Framdriftsplan renovering etc. Tilskotsmidlar m.m.

Ørskog historielag saman med Ørskog rotary har sidan 1995 årleg gjeve ut **Ørskogkalenderen** – med biletmotiv frå Ørskog. Mange av bileta har vore av eldre dato.

Frå 2001: Laga har hatt ansvaret for utgjevinga annakvart år. Ørskog historielag for 2002.

Kalenderen for 2014 skulle Ørskog rotary ha ansvaret for.

Ørskog Sparebank har kvart år kjøpt ein stor del av opplaget til utdeling til husstandar i Ørskog.

Ørskog sparebank ville ta «pause» i samarbeidet og gje ut eigen kalender for 2014.

Biletmotiva vil vere naturbilete frå Ørskog. Dette vart det ikkje noko av.

Det blir arbeidd med å få på fote att den gamle ordninga f.o.m. 2015.

Kveldseter/bygdevandringar: Styret har hatt hovudansvaret for desse:

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene vore avvikla med desse **8 temaene:** Tal frammøtte i ().

- 19.februar 2013 Kampen for stemmerett for kvinner (14) (Aud Farstad)
- 2.april 2013 Ørskog vidaregåande skule/Sunnmøre husmorskule (24) (Ragnar Bakken og Ole Øystein Nybø)
- 9.juni 2013 Bygdevandring i Vaksvika (40) (Pål Viset)
- 3.september 2013 Ivar Aasen (16) (Anders Aanes)
- 2.oktober 2013 Sjøholt skule 40 år (11) (Mons Olav Walgermo)
- 6.november 2013 Ørskog kyrkje 140 år (36) (Mons Olav og Ester Walgermo, Lars Tore Nerbøvik og Svein Runde)
- 4.desember 2013 Presentasjon av årsskriftet 2013 (26) (Reidun Klock Tjervåg m.fl.)
- 5.februar 2014 Frå fotoarkivet. Bilde frå rundt 1914 (48) (Ole Øystein Nybø)

Det er så langt planlagt kveldsete 2. april og 7. mai 2014. Bygdevandring 25. mai 2014.

For hausten 2014 er tema for kveldsetene ikkje fastlagde.

Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 finn vi på laget si heimeside:

www.orskog.historielag.org

Husstyret – frå arbeidet til husstyret tek vi med – oppsett av sekretær:

- ✓ Medlemmer: **Arve Ørskog** (leiar) - Olav Jan Bårdsgjerde – Gunnar Tenfjord – Magnhild Schmidiger.
- ✓ Etter at Husflidlaget flytta til Steinholt, disponerer ØH huset fullt ut.
- ✓ Reingjering og anna forefallande arbeid. Halde orden saman med akt./museumsnemnda.
- ✓ Stell av uteområdet.
- ✓ Styret har på nytt reist debatten rundt framtida for Paktarhuset i regi av Historielaget – jf. også årsmøtet 2012 og 2013. Dette vert eiga saka også i 2014. Jf. eige dokument..
- ✓ Laget har kome eit godt steg vidare med utføring av dei vedlikehaldsarbeida det er gjeve klarsignal for. I 2013 har ein konsentrert seg spesielt om utvendig vedlikehald, måling, skifting av to vindauge og utskifting av vindskeier m.m. Noko av dette arbeidet står til rest. Innvending ser ein for seg å få gjort meir i 2014.
- ✓ Paktarhuset har dette året vore litt nytta til møte og samkomer.
- ✓ Jf. elles rapport frå aktivitets- og museumsnemnda.
- ✓ Eigen rapport frå nemnda ligg ikkje føre.

Skriftnemnda – frå arbeidet i nemnda tek vi med:

- ✓ Medlemmer: **Grethe Leikny Gjerde** (leiar) - Bjørn Steinar Skarbø – Øyvinn Danielsen – Turid Valbø Haddal – Reidun Klock Tjervåg – Einar Landmark.
- ✓ Nemnda har gjennom året arbeidd med årsskrift for 2013.

Skriftstyret har levert denne rapporten for 2013:

Skriftstyret har hatt seks møte pluss nokre arbeidsøker i sluttfasen og distribueringsfasen.

Møtestaden har vore gamlebanken. Vi har også dette året fått god støtte frå mange bidragsytarar.

Det har ikkje vore eit problem å få inn nok stoff, og det er stor velvilje å møte hos dei vi spør.

Annonsene til årsskriftet gjekk det også i år greitt å få inn, og vi er takksame for at næringslivet i Ørskog støttar årsskriftet på denne måten.

Hovudtemaet i år har vore 100-års markeringa for stemmerett for kvinner i Noreg. Reidun Klock Tjervåg har skrive om ei rekkje føregangskvinner i og frå Ørskog som på ulike måtar har vore først ute. Eit fast tema dei siste åra har vore småbedrifter i Ørskog. I år var det Sjøholt Kunstindustri og

Tomren Konfeksjon som vart presenterte. I tillegg har vi fått artiklar om Ørskog vassverk og om gruvedrifta i Liafjellet der dei to bidragsytarane har vore Tore Gjære og Ove Eide. Språkåret 2013 vart også markert med Anders Aanes sin artikkel om då Ivar Aasen var på Solnør. Einar Landmark har mellom anna levert artiklar om to personar, bibliotekgrunnleggar Peter Olaus Strømme og gullsmed Rye. Ein fast bidragsytar, og i år Ørskogprisvinnar, Ole Øystein Nybø, har også i år levert både ein artikkel om hendingar på Nedrevoll i 1732 og perler frå fotoarkivet.



**Framsida av årsskriftet 2013.
Med bilete av rektor Ingeborg Røyrhus.
Første kvinnelege styreleiar i Ørskog sparebank.**

Innhaldsliste 2013:

Forord

Føregangskvinner i Ørskog *av Reidun Klock Tjervåg*

Ivar Aasen på Solnør *av Anders Aanes*

Sikring av gruvesjakta i Lidafjellet *av Ove Eide*

Ørskog Vassverk gjennom 50 år *av Tore Gjære*

Gullsmed Rye og ei tavle frå Øvste Hatlen *av Einar Landmark*

Tomren Konfeksjon i 40 år *av Norunn Tomren*

Johan Listhaug. Fangstmann på Aust-Grønland *av Einar Landmark*

Dødssynda på Nedrevoll i 1732 *av Ole Øystein Nybø*

Snikkar-Ole *av Turid Valbø Haddal*

Haukås. Eit historisk tilbakeblikk *av Eldbjørg Braute*

”Smyrna” – Sjøholt Kunstindustri *av Turid Valbø Haddal*

Sabelen i Einagarden *av Einar Landmark*

Bibliotekgrunnleggaren Peter Olaus Strømme *av Einar Landmark*

”en liden Æske, hvorudi en Tordensten” *av Einar Landmark*

Gamal bibel i Abelseth-slekta *av Einar Landmark*

”Elden melder” av *Einar Landmark*
Nokre utspel frå Øystein Eide av *Reidun Klock Tjervåg*
Perler frå fotoarkivet ved *Ole Øystein Nybø*
Viktige hendingar i Ørskog siste året
Årsmelding for Ørskog historielag 2012
Medlemar i Ørskog historielag 2013

Også i år har vi brukt Hatlehols trykkeri i Brattvåg. Årsskrift 2013, hefte nr. 23, kom ut med 159 sider mellom stive permar der framsidebiletet er eit bilete av Ingeborg Røyarhus som representerer ei av dei mange føregangskvinnene i Ørskog i dette årsskriftet. På baksida har vi årets Ørskogprisvinnar, Ole Øystein Nybø.

Presseomtale av årsskriftet har vi fått fleire av – m.a. frå Sunnmørsposten, Bygdebladet og Nytt i Uka.. Dette siste omfattar mykje av laget sitt arbeid og kopi følgjer som vedlegg til årsmeldinga. Vi er glade for at årsskriftet vert lagt merke til og godt motteke mellom laget sine medlemmer og andre som kvart år sikrar seg eit eksemplar. Mykje god og verdfull Ørskogsoge er samla i dei 23 årsskrifta som laget så langt har gjeve ut.

Teknisk utval – arbeidet i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Steinar Leganger** (leiar) – Ola Gausnes – Jan Petter Aasen – Svein Barlindhaug – Arnfinn Hanestadhaugen.

Vi tek med nemnda sin eigen rapport om arbeidet dette året:

Teknisk utvalg har i 2013 utført/arbeidd med:

- A. Ørskog energi AS har blitt kontakta pr. telefon og e-post vedk. den dårlege tilstanden på deler av «kraftverktaket», (Ørskogelva.)
Ingen reaksjon frå Ørskog energi.
- B. Inntaket til vassrenna til kvernhuset blei sist vinter øydelagt av stor vassføring/is (?)
Nytt forbeta «inntak» er laga ved at det er montert ei enkel stålramme og støypet betong ved innløpet til aluminiumsrenna.
- C. Gras og høymol er kutta med kantklippar vest for kvernhuset og renna.
- D. Syd-veggen på smia er nedslipt og måla eitt strøk.
Målingsslitne område på vest-veggen er flekka.
Det bør påførast eitt målingsstrøk til på dei to veggene.
Antek at bordkledninga på sørveggen må skiftast ved neste «korsveg».
Observerte for øvrig at berebjelkane for sperrene har mykje råte i endane mot vest.
Bjelkane går mot vindskiene. Vindskiene sin underkant er jamn med ytterste sperre slik at vatnet endar rett mot bærebjelke-endar.
Bør nok renoverast om ikkje altfor lenge.
- E. El.-kablar til den store dreiebenken i «Smia» er i svært dårleg stand.
Både tilførselskabel og internkabel vil bli fornya.
- F. På Ørskogdagen var «Lokomobilen» i drift. Ingen tekniske problem.
Arnfinn H. var «Lokfører»
Det var mange interesserte besøkande då Lokomobilen var i drift.
- G. Det har vore vurdert å utvide staben som kan vere «Lokfører», for å avlaste Arnfinn Hanestadhaugen, samt ha meir kapasitet til å starte opp Lokomobilen.
Både Jan Petter Aasen og Svein Barlindhaug har sagt seg interesserte i å vere «Lokfører».
Arnfinn Hanestadhaugen vil gje nødvendig opplæring.

Aktivitets – og museumsnemnda – arbeid i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) – Leidulf Reite – Kåre Myren – Karin Årdal

Årsrapport frå nemnda:

Aktivitet i 2013:

Aktiviteten har vore litt prega av at Paktarhuset har blitt pussa opp ein del i 2013, og planane våre om eit eige rom til lags-samlingane har dermed måtta vente.

-Vi har:

-hatt 2 møte.

-hjelp til med laget sin stand under Ørskogdagane 25. mai.

-vore med å arrangere Postveg marsjen 8. september, samt hjelpt til same dag med stemmeretts-jubileumsfesten på Samfunnshuset.

-delteke i arbeidet med oppussinga av Paktarhuset.

-medverka til teksten på informasjonstavla ved Elvastien.

-vore med og berga nokre gjenstander frå malmkai-området på Sjøholtstranda.

Når det gjeld søket etter malmvogna like ved, er det orientert litt om dette i artikkelen om gruvesikring i årsskrift for 2013.

-kjøpt 2 nye bokreolar til biblioteket.

-kome eit stykke vidare med å skape orden i arkivet, biblioteket og gjenstands-samlinga.

KULTURKVELD MED 100-ÅRSMARKERING AV RØYSTERETT FOR KVINNER

Ørskog samfunnshus -

Søndag 8. september 2013 kl 18.00

Stort program med m.a.:

- ✓ Eivind Hasle - røysterett-tale
- ✓ Ørskogkoret
- ✓ Øss`n
- ✓ Ingrid F. Nupen
- ✓ Ole Ø. Nybø - fotoglimt 100 år tilbake
- ✓ Samtalar med kvinner frå Ørskog v/Reidun K. Tjervåg
- ✓ Matykt – Bygdekvinnelaget har ansvaret

Arr: Ørskog bygdekvinnelag- Ørskog historielag i samarbeid med Ørskog kommune



Salting av sild i fjøra ved Prestevoren. (1920 - 1930)

Fotoregistreringsgruppa:

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog. **Ole Øystein Nybø** har vore leiar i gruppa også siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Gunnveig Skilbrei, Tore P. Gjære og Terje Misund. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert no gjort direkte på Internett.

Fotoregistrering 2013 – notat frå Ole Øystein Nybø:

Ørskog historielag har no i alt registrert og lagt ut 1190 bilete frå Ørskog som er søkbare i databasen til FylkesFOTOarkivet i Ålesund. Det er tilvekst på om lag 200 bilete frå i fjor. Og så har vi samla inn 130 ”nye” bilete som no er avfotograferte og under arbeid med identifisering og teksting.

Digitaliseringa av kyrkjebøkene – notat frå Ole Øystein Nybø

Korrekturlesinga av dei fire eldste bøkene er ferdig. Databasen vår er retta og filene innsende for godkjenning ved DISnorge og vidare til Digitalarkivet. Vi har eit lite håp om at dei kan vert lagde ut på nettet i det næraste 1/2 –året, berre Digitalarkivet får kapasitet til å gjere det. Når det skjer, så vil alle dei seks eldste bøkene i si heilheit vere søkbare. Det vil seie alt frå 1720 til 1834.

I tillegg så er døypte i dei to neste bøkene, 1834-1851 og 1852-1862, registrerte og utlagde frå tidlegare. Resten av innhaldet i desse to siste bøkene er vi nettopp komne i gang med å skrive av.

Ole Øystein Nybø er primus motor i dette arbeidet. Fleire medhjelparar tek del i korrekturlesinga! Vi kan nytte oss av arbeidet ved å gå inn på nettstaden til Digitalarkivet <http://www.digitalarkivet.no>

ØRSKOGPRISVINNAR 2013



Ole Øystein Nybø – på arbeidsplassen sin.

Postvegen – eiga nemnd: Jan Lande (leiar), Elling Ødegård, Kristian Tøsse og Rolf Hatlen.

ÅRSMELDING FOR POSTVEGNEMNDA 2013 v/leiar Jan A. Lande:

Arbeidsåret 2013 har vore prega av venting på godkjenning frå Harald Storflor i Vegvsenet si Kulturhistoriske avdeling. Avgjerd om korleis elvekryssingane skal løysast let vente på seg.

07.06.13: Det var felles synfaring av Tverrelv Broe. Deltakarar: Harald Storflor, Statens Vegvesen si Kulturhistoriske avdeling, Gunnar Tennfjord og Pål Henry Høyberg frå ÅOFriluftsråd, Kjell Rotmo og Karl Johan "Kalle" Bjørgvik, Kulturvegarbeidarar, Åse Karin Gjære, Ørskog komune og Jan A. Lande, ØHL.

Etter synfaringa vart det avtala oppstart snarast.

25.06.13: Tverrelv Broe vart sett i stand av to framståande arbeidskarar, Kjell Rotmo og Karl Johan "Kalle" Bjørgvik, kulturvegarbeidarar frå Trøndelag. Den 4.07.13 stod brua ferdig, trygg å fare over for turgåarar. Gunnar Tennfjord var Friluftsrådet sin representant, og han sytte for maskin og anna naudsynt tilfang.

26.06.13 var Harald Storflor og underteikna på synfaring ved Bythaugen ved Vestnes grense mot Haugsætra, og til slutt Myrløken nok ein gong. Storflor meiner att trebruer er mest truleg brukt i tidlegare tider, ikkje steinbruer som vi har tenkt.

Eit treskilt med utskorne/freste bokstavar DEN TRONDHJEMSKE POSTVEG 1786 er no montert ved "Stortrønå", med god hjelp av Tore Gjære. Venteleg vert det meir aktivitet i 2014.

Postvegmarsjen vart arrangert for 10. gong 8. september 2013. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L., Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag – jf. eigen omtale.

Nettsider Ørskog historielag: Laget har i fleire år hatt eigne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære (innhald) og Øyvind L. Gjære (utforming) for flott arbeid. Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: www.orskog.historielag.org
Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.
Nettsida er under omarbeiding.

Olav Oksvik - stiftinga: Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012/13 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra i kommunen sitt arkiv. Noko står att å hente.

Registreringsarbeidet skal starte med det første. Her trengst frivillige! Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Stiftinga arrangerte «Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus. Dette vart eit svært vellukka arrangement. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år. 2014-seminaret er under planlegging.

Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Karin Årdal, Hilde Sjørdal og Mons-Olav Walgermo. Frå kommunen er valde: Arild Aanes (ny leiar frå 2012) og Karl Johan Vaksvik.

Ørskogkalenderen:

Ørskog historielag og Ørskog rotary har i ei rekkje år gitt ut Ørskogkalenderen.

Ørskog historielag hadde i 2012 ansvaret for kalenderen for 2013.

Alle husstandar har fått kalenderen – utsendt av Ørskog Sparebank. I 2013 planla Ørskog sparebank å gje ut kalender på eigen kjøp. Dette viste seg ikkje å verte realisert. Ørskog rotary og ØH arbeider aktivt å få gje ut kalender att frå 2015. Arbeidet med å skaffe finansiering er første steg på vegen fram mot ei ny utgåve der gamle Ørskogbilete vil danne ramma for utsjånaden.

Rekneskap for året 2013: Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet.

Framover: Styret tek sikte på - snarast etter årsmøtet 5. mars 2014 – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2014.

Pågåande oppgåver og drøftingar på årsmøtet vil leggje grunnlaget for komande årsplan.
Viktige prosjekt for vidare arbeid og prioritering vil m.a. vere – til drøfting på årsmøtet – vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene – for så å kome lengt mogleg med realiseringa:

- ✓ **Paktarhuset** – drift og vedlikehald. Her står mykje arbeid framføre. **Må prioriterast!**
Framtida for huset må gjennomdrøftast – jf. årsmøtesak 2012-2013 og 2014.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. Finne lokale!
- ✓ Restaurering av løa på Langskipsøya. Samarbeid med Storfjordens Venner! Kome i gang!
- ✓ Kvernhuset – vedlikehald – oppstart - demonstrasjonar?
- ✓ Kraftstasjonen – vedlikehaldsarbeid – årleg rydding – samarbeid med Ørskog Energi.
- ✓ Malmbana vedlikehald.
- ✓ Lokomobilen. Vedlikehald. Oppstart. Demonstrasjonar - på Ørskogdagane o.a.
- ✓ Deltaking/markeringar på Ørskogdagane.
- ✓ Årsskrift nr 24 – for år 2014. Innhald og arbeid.
- ✓ Ørskogkalender - få i gang att samarbeidet med Ørskog rotary. Kalender i 2015!
- ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkivering o.a.
- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid.
- ✓ Kyrkjebøkene – framhaldande arbeid med digitaliseringa.
- ✓ Tilskipingar – kulturminnedagane 13. - 21. sept. 2014 med tema:»Den store reisen: 200 års samfunnsutvikling».
- ✓ Postvegen – vidare arbeid i Landedalen/Ørskogfjellet. Postvegmarsjen for 11. gong.
- ✓ Kveldseter med om lag seks arrangement pr år – viktig å halde på denne tradisjonen.
- ✓ Bygdevandringar – behovet/interessa for slike er klart til stades. Vi har meir å ta av!
- ✓ Småbedrifter i Ørskog – registreringsarbeid -
- ✓ Landingsvøren på Amdam – gjere noko? Ikkje noko så langt!
- ✓ Kvelvingsbrua over Svartløkelva - bør ØH vere pådrivar for dette prosjektet?
- ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
- ✓ «Ørskog gjennom tidene» - kan vi kome i gang med oppdatering – eller?



Fotograf: Datering: 1906 - 1910 Motiv: Vaksvika sett frå vest Utgivar: L.L. Eigar: Paul Frøysedal



I 1890-åra,då dette bildet vart teke, var jernbaneskinnene fjerna,men gruvene viser godt i den skoglause fjellsida. Ved opplastingsplassen ser vi to brukar, og mellom desse må det ha gått ei trebru. Frå denne brua kunne ein laste vognene, og ein kunne også nytte brua når pukk skulle fraktast til tippet til høgde.



Ørskog Historielag 2013– med fokus på:

- ✓ **Ørskog historielag med eit nytt og flott årsskrift – nr 23!**
- ✓ **Paktarhuset – kva med framtida!? Måling utvendig!**
- ✓ **Utval og nemnder gjer eit jamt godt arbeid!**
- ✓ **Postvegen – det går framover! ØvsteTverrelvbrua restaurert!**
- ✓ **Postvegmarsjen også dette året – hadde 10 års jubileum i 2013!**
- ✓ **Vellukka bygdevandring i Vaksvik – Hjellestranda – Hallwardsætra - Viset.**
- ✓ **Mange fine og godt besøkte kveldseter. Kyrkjetoget er ny møtestad!**
- ✓ **Fotoregrering og arbeidet med kyrkjebøkene held fram!**
- ✓ **Ole Øystein Nybø – tildelt Ørskogprisen for 2013. Gratulerer!**

Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2013.

Også denne gongen tek vi med eit gammalt ord som vi finn på laget si internettside:
”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”

For styret i Ørskog historielag år 2013.

Ragnar Bakken – skriavar –

historielaget årsmelding 2013